

Møte lørdag den 2. oktober kl. 13.President: **G u t t o r m H a n s e n.***Åpning av det 121. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

H a n s M a j e s t e t K o n g e n s tale til det 121. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil videreføre utenriks- og sikkerhetspolitikken etter de hovedlinjer som er fastlagt.

Regjeringen ser det som en sentral oppgave for Norge å styrke det gjensidig forpliktende samarbeid mellom verdens folk. Norge vil arbeide aktivt for å styrke De Forente Nasjoner. Alle land må få rett til å ta del i organisasjonens virksomhet.

Medlemskapet i NATO vil fortsatt være hjørnesteinen i Norges sikkerhetspolitikk. Gjennom samarbeidet i NATO og på annen måte vil Norge aktivt medvirke til økt avspenning. Resultatene fra Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa vil bli fulgt opp. Regjeringen anser forhandlingene om gjensidige reduksjoner av de militære styrker i Europa som et viktig ledd i avspenningsprosessen. Det vil bli lagt fram en melding om Regjeringens videre arbeid med nedrustning og rustningskontroll.

Regjeringen tar sikte på en fortsatt utvikling og styrking av det nordiske samarbeid. Ut fra den sikkerhetspolitiske og handelspolitiske tilknytning Norge har valgt, vil vi medvirke til en utbygging av samarbeidet i Vest-Europa og til en styrking av det atlantiske samhold. Utviklingen av forbindelsene med Sovjet-Unionen og de øvrige øst-europeiske land vil bli ført videre.

Norge vil delta aktivt i arbeidet for å avskaffe kolonidømme og rasediskriminering, og støtte de folk som fortsatt lever i ufrihet i deres kamp for menneskerett og selvbestemmelse. Stortinget vil bli forelagt en melding om det internasjonale vern om menneskerettighetene.

Samarbeidet med utviklingslandene vil bli styrket. Regjeringen vil arbeide aktivt for en ny økonomisk verdensordning.

Det vil bli lagt fram forslag om en låneordning for industrireising i utviklingsland og om en støtteordning for norsk eksport til disse land.

Stortinget vil bli forelagt en melding om vår utenrikshandel og handelspolitikk.

Regjeringen vil legge fram en melding om langtidsprogrammet 1978—1981.

Regjeringens økonomiske politikk tar sikte på full sysselsetting, trygge arbeidsplasser, fortsatt produktionsvekst, rettferdig fordeling og forsvarlig ressursforvaltning. I samarbeid med Stortinget og arbeidslivets organisasjoner vil Regjeringen arbeide for å begrense prisstigningen. Regjeringen vil legge forholdene til rette for et kombinert inntektsoppgjør våren 1977.

Det vil bli fremmet stortingsmeldinger om inntektsfordeling og skattepolitikk og om tiltak mot skatteunndragelse. Arbeidet for et mer rettferdig skattesystem vil fortsette.

Regjeringen vil legge fram forslag om endringer i lovene om sparebanker og forretningsbanker.

Kontrollen med rederienes investeringer i utlandet vil bli styrket.

Bruken av spesielle sysselsettingstiltak vil fortsette i nødvendig utstrekning. Særlig gjelder dette tiltak for å stimulere sysselsetting for kvinner og for å motvirke ungdomsledighet. Regjeringen vil om nødvendig foreslå ytterligere tiltak for å sikre sysselsettingen.

Det vil bli lagt fram en melding om mål og midler i arbeidsmarkedspolitikken.

Regjeringen vil videreføre arbeidet med å gi alle ansatte i arbeidslivet medbestemmelserett.

Innsatsen for å bedre arbeidsmiljøet vil bli forsterket. Regjeringen vil fremme forslag om økt støtte til arbeidsmiljøforskning og lån og tilskott til arbeidsmiljøinvesteringer.

Regjeringen vil legge fram en melding om sikkerheten i forbindelse med petroleumsvirksomheten på den norske kontinentalsokkel.

Arbeidet med å styrke sikkerheten til sjøs vil bli ført videre. Det vil bli lagt fram forslag til ny lov om arbeidstida til sjøs og en melding om maritim utdanning.

Regjeringen vil fortsatt føre en aktiv distriktspolitikk. Meldinger om gjennomføringen av utbyggingsprogrammet for Nord-Norge og om regional fordeling av statlige arbeidsplasser vil bli lagt fram.

Regjeringen vil foreslå tiltak for å bedre situasjonen for særlig vanskeligstilte industrinæringer, først og fremst tekstil-, konfeksjon- og skotøyindustrien.

Stortinget vil få seg forelagt meldinger om utbygging av Sveagruben på Svalbard, om

celluloseindustrien på Østlandet, og om statlig deltakelse i Sulitjelma Gruber.

Det vil bli lagt fram melding om dagligvarehandelen.

Regjeringen vil arbeide for å få gjennomført reguleringstiltak som sikrer de levende ressurser i havet, gir grunnlag for en mest mulig rasjonell utnyttelse av fiskebestandene, og ivaretar kystbefolkningens interesser. Det vil bli lagt fram en langtidsplan for fiskerinæringen.

Regjeringen vil medvirke til hensiktsmessige og effektive internasjonale samarbeidsordninger for havområdene. Regjeringen vil arbeide for at FN's havrettskonferanse kan resultere i en omfattende konvensjon med bred tilslutning.

Regjeringen vil i nær framtid, i samråd med Stortinget og dets organer, ta stilling til tidspunktet for opprettelse av Norges økonomiske sone.

Det sjømilitære fiskerioppsyn vil bli forsterket for å møte behovene ved opprettelse av økonomisk sone.

Regjeringen vil sørge for tiltak mot forsøpling av havbunnen på kontinentalsokkelen.

Regjeringen vil videreføre en aktiv landbrukspolitikk med sikte på at landbruksnæringen kan fylle viktige samfunnsmessige oppgaver og at yrkesutøverne sikres trygge økonomiske og sosiale kår.

Det vil bli lagt fram meldinger om Norsk Vegplan, om enkelte reiselivsspørsmål og om sivil luftfart.

Boligbyggingen vil fortsatt bli tillagt stor vekt. Regjeringen vil foreslå tiltak for økt utbedring av den eldre boligmassen og bedring av bomiljøet.

Det vil bli oppnevnt et bredt sammensatt utvalg som skal vurdere spørsmålet om en videre opptrapping av minsteytelser i folketrygden og om trygdens framtidige finansiering.

Regjeringen vil legge fram forslag om forhøyelse av folketrygdens sykepengeytelser og om bruk av egenmelding ved kortvarige sykdomstilfelle. Det vil bli foreslått en forbedring av ankeordningen i pensjons- og trygdesaker og forlengelse av stønadstiden ved svangerskap og fødsel.

Arbeidet med familie- og likestillingspolitikken vil bli styrket.

Det vil bli lagt fram en melding om barns oppvekstvilkår og forslag om økt støtte til barnehager.

Regjeringen vil arbeide videre med utforming av undervisningstilbud for funksjonshemmede på alle skolenivåer. Det vil bli fremmet melding om utbygging av spesialundervisning. Utbyggingen av videregående opplæring vil

fortsette: Siktemålet er fullverdig utdannings tilbud for alle som ønsker det. Lov om voksenopplæring vil bli satt i kraft. Regjeringen vil bedre kontakten mellom utdanningssystemene og arbeidslivet.

Arbeidet med forenklings- og effektiviseringstiltak innenfor statsforvaltningen vil bli ført videre. Forslag om forenkling av behandlingen av byggesaker vil bli lagt fram.

Regjeringen vil legge fram forslag om ny lov om interkommunalt samarbeid og en melding om den statlige administrasjon på fylkesplan.

Det vil bli fremmet forslag om ny straffeprosesslov, om lov om bruk av persondata i privat og offentlig virksomhet, om endringer i forvaltningsloven, og om forskoleordning for sivile tjenestepliktige.

Regjeringen vil arbeide videre for å styrke det internasjonale samarbeid om miljøvern og ressurssspørsmål, med særlig vekt på problemene med sur nedbør, havforurensninger, spredning av giftstoffer, og bevaring av truede dyre- og plantearter.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for en forsvarlig forvaltning av naturressursene og miljøet. Det vil bli lagt fram melding om arbeidet med fylkesplanleggingen og andre sider ved ressursforvaltning og regionalplanlegging.

Regjeringen vil legge fram forslag om en samlet forurensningslov og om lovhjæmmel for nye regler mot forurensninger fra skip.

Kontrollen med helse- og miljøfarlige produkter vil bli styrket.

Et permanent system for overvåking av luftforurensninger i byer og tettsteder vil bli etablert.

Forslag om ny lov om viltstellet, jakt og fangst vil bli lagt fram.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 121. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Ruth Ryste:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FN's særorganisasjonar og andre internasjonale organisasjonar har Noreg arbeidd for å utvikle vidare det mellomfolkelege samarbeidet med sikte på å fremje avspenning, fred, internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

I FN og andre internasjonale fora har Noreg stødd dei folk som framleis lever i ufri-

dom, i deira strid for menneskerett og sjølvråderett. Regjeringa har følgd særleg nøye med i utviklinga i det sørlege Afrika. Regjeringa har gjort det klart at ho er budd til å vurde-re tiltak som kan vere med på å auke det ytre presset på Sør-Afrika for å gjere slutt på apartheid-systemet. I denne samanhengen har Regjeringa gjort slutt på statlege stønadstiltak for den norske eksporten til Sør-Afrika.

Noreg yter økonomisk og humanitær stønad til dei undertrykte folka i det sørlege Afrika gjennom frigjeringsrørslene deira og andre nasjonale og internasjonale organisasjonar.

Noreg har aktivt freista å realisere resultat av Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, mellom anna ved sjølv å gi melding om militære øvingar til statar som underteikna konferansesluttakta. Frå norsk side har ein lagt vekt på at det målet Konferansen sette om ei betring av kontaktane på det menneskelige planet må bli nådd. Noreg har teke til med rådleggingar med andre land om førebuingane til oppfølgingsmøtet for Konferansen neste år i Beograd.

Regjeringa legg stor vekt på at tingingane i Wien om gjensidige reduksjonar av militærstyrkane i Sentral-Europa skal gi resultat. Framgang i desse tingingane vil vere ein viktig impuls i arbeidet med å føre vidare avspenningsprosessen mellom Aust og Vest. Ved å vere med i tingingane vil ein frå norsk side søkje å oppnå at det også blir teke omsyn til dei synspunkt og interesser Noreg har som flankeland.

I FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg målmedvite teke del i arbeidet for nedrusting og rustingskontroll. Frå norsk side legg ein særleg vekt på arbeidet med å få kontroll med kjernefysiske våpen. Noreg har ei positiv innstilling til planar om å styrkje kontrollfunksjonen til Det Internasjonale Atomenergibyrået når det gjeld import av kjernefysisk materiell, slik at også den fredelige utnyttinga av atomenergi kan komme under effektiv internasjonal kontroll. Noreg står det arbeidet som går føre seg mellom anna i Nedrustningskomitéen i Genève for å nå fram til eit konvensjonsutkast med forbod mot utvikling, tilverking og lagring av kjemiske våpen. Førebels har ikkje tingingane om desse problema gitt konkrete resultat.

Noreg har lagt stor vekt på at USA og Sovjetunionen skal nå fram til semje om vesentlege avgrensingar av dei strategiske våpen-systema.

Frå norsk side har ein vore aktivt med i det politiske og militære samarbeidet i NATO. Noreg var vertskap for møtet i mai mellom utanriksministrane i organisasjonen. Organi-

sasjonen har i det siste året i særleg monn arbeid for auka standardisering og operativ samordning av militært utstyr med sikte på å effektivisere bruken av forsvarsressursane i allianselanda. Samstundes spelar organisasjonen ei viktig samordnande rolle i dei vestlege rådleggingane om avspenningspolitikken i tilhøvet til Aust-Europa.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet under den fjerde og femte sesjonen av FN's havrettskonferanse som vart halden i New York 15. mars—7. mai og 2. august—17. september. Konferansen har til oppgåve å nå fram til ein traktat som inneheld ei brei pakkeløysing som omfatter alle spørsmål om havretten. Dette gjeld særleg spørsmåla om sjøterritoriet, den økonomiske sona og kontinentalsokkelen til kyststatane, og likeins spørsmålet om oppretting av ein internasjonal organisasjon til å stå føre forvaltninga av mineralressursane på havbotnen utanfor dei nasjonale kontinentalsoklane. Vidare spørsmålet om kva for reglar som skal gjelde for løysing av tvistar som måtte oppstå i samband med bruken av traktaten.

Grunnlaget for arbeidet til havrettskonferansen er den forhandlingsteksten som vart resultatet av sesjonen i Genève i 1975 og som vart revidert ved avslutninga av den fjerde sesjonen i New York den 7. mai.

Det lukkast ikkje under den siste sesjonen av havrettskonferansen i New York 2. august—17. september d. å. å nå fram til brei nok semje. Tingingane vil bli vidareførte under neste sesjon, som skal haldast i New York i perioden 23. mai—8. juli 1977.

Regjeringa har både på tosidig og fleirsidig grunnlag arbeid for å bygge ut sambandet med dei vestlege landa, og har gått inn for å styrkje det atlantiske samarbeidet. Noreg har stødd arbeidet for å utvikle det europeiske samarbeidet på eit så breitt grunnlag som råd er, og har teke aktivt del i Europarådet. Som eit ledd i Europa-politikken har Regjeringa lagt vekt på å halde fram med og utvide utvekslinga av statsrådsvitjingar, og har gjort avtale om regelbundne embetsmannssamrødingar med fleire land i Vest-Europa.

Ein har frå norsk side halde fram med arbeidet for å styrkje grannetilhøvet til Sovjetunionen og utvikle kontaktane med dei andre aust-europeiske landa. Det har vorte halde regelbundne møte i dei blanda kommisjonane under gjeldande handelsavtaler og avtalene om økonomisk, industrielt og teknisk samarbeid.

Tingingar om avgrensing mellom norsk og sovjetisk kontinentalsokkel i Barentshavet er vidareførte.

Noreg har halde fram med det aktive arbeidet i FN og i Europarådet for å styrkje res-

pekten for og gjennomføringa av menneskerettane i alle delar av verda. På tredje delen av diplomatkonferansen om menneskerettane i væpna konflikter, som vart halden i Genève i april—juni, arbeidde Noreg for at sivile, stridande og fangar på begge sider skulle få så stor og så lik folkerettsleg trygging som mogeleg mot verknadene av væpna konflikter.

Samarbeidet med utviklingslanda held fram og er bygd ut i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har godkjent.

Dei offentlege utbetalingane i 1975 frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid kom på til saman 985,6 mill. kroner, ein auke samanlikna med 1974 på 240,1 mill. kroner eller 32 prosent. Rekna i prosent av brutto nasjonalprodukt svara dette til 0,66 prosent mot 0,56 prosent i 1974. Den norske hjelpa til utviklingslanda i 1975 fordelte seg med 55 prosent på tosidige og 45 prosent på fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1974 var 56 mot 44 prosent. Av den tosidige delen administrerte internasjonale hjelpeorganisasjonar om lag 14 prosent.

Det vart i februar 1976 underteikna ei ny avtale med Zambia om økonomisk og fagleg samarbeid, og det er gjort rammeavtaler med alle utviklingsland som Noreg har eit meir vidfemnande hjelpesamarbeid med. I første halvdel av 1976 er det òg gjort avtaler om norsk hjelp til ymse prosjekt og program i hovudsamarbeidslanda så som utbygging av helse-tenesta i Botswana, familieplanlegging i Bangladesh, og fiskeriutvikling og kraftverkprosjektering i Tanzania.

Det er også kome i stand avtaler med Indonesia om hjelp til kystflåten og med Moçambique om varehjelp. I samsvar med stortingsvedtak tek Noreg del i ein kapitalauke på 30 mill. kroner i Det asiatiske utviklingsfondet og på 110 mill. kroner i Det afrikanske utviklingsfondet.

I internasjonale organisasjonar har Noreg som før lagt vekt på å arbeide for dei retningslinjer som er lagde fram i St.meld. nr. 29 (1971—72), St.meld. nr. 94 (1974—75) og i Handlingsprogrammet for FN's andre utviklingsår. Hovudmottakarar av norsk fleirsidig hjelp var i 1975 som i tidlegare år FN's utviklingsprogram og Det internasjonale utviklingsfondet. Desse organisasjonane fekk om lag halvparten av den fleirsidige hjelpa. Andre viktige mottakarar var Verdas matvareprogram, FAO's kunstgjødselssentral, FN's internasjonale barnefond, FN's folkefond, Den internasjonale føderasjonen for familieplanlegging og dei regionale utviklingsfonda for Afrika og Asia.

Noreg var i 1975—76 med i ei rad internasjonale konferansar om utviklingspolitiske

spørsmål, såleis også i FN's 7. ekstraordinære generalforsamling, Det økonomiske og sosiale rådet, den 18. FAO-konferansen i Roma, Verdsysselssetjingskonferansen i Genève, UNCTAD-konferansen i Nairobi, og Habitatkonferansen i Vancouver. Frå norsk side har ein stødd opp om dei prinsipp som ligg til grunn for krava frå utviklingslanda om ei ny internasjonal økonomisk ordning. Med atterhald om godkjenning frå Stortinget vart det på UNCTAD IV gitt tilsegn om eit tilskott på 25 mill. dollar til finansiering av eit råvarefond som lekk i eit intergrert råvareprogram.

Noreg har også vore med på konferansen for skiping av eit internasjonalt fond for jordbruksutvikling, og har underteikna sluttakt om ei avtale. Under føresetnad av samtykke frå Stortinget har Regjeringa gitt tilsegn om eit norsk tilskott til fondet på 75 mill. kroner. I dei fleirsidige forhandlingane innanfor ramma av GATT om nedbygging av toll og andre handelshindringar har Noreg, saman med dei andre nordiske landa, sett fram sitt tilbod til u-landa. Dette tilbodet omfattar tollfridom for ei rad produkt som er av særleg interesse for desse landa, og er ein lekk i dei særskilde tiltaka til beste for utviklingslanda som deltakarane i forhandlingane har forplikt seg til.

Noreg har utvida mottakarkrinsen i sitt system for generelle tollpreferansar så han også femner om Israel, Tyrkia og Malta. Dei minst utvikla landa har fått full tollfridom.

Noreg var med i «HABITAT», FN's konferanse om busetjingsspørsmål, i Vancouver, og stor tilrådingane på konferansen om tiltak for å betre bustadtilhøva for den aukande folke- mengda i verda.

Noreg tek aktivt del i arbeidet i Det internasjonale valutafondet med sikte på reform av valutasytemet. I samsvar med stortingsvedtak er Noreg med på å reise fond som skal subsidiere rentene på spesielle utlån i Valutafondet og Verdsbanken.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å styrkje internasjonale miljøverntiltak med særleg vekt på problemet med sur nedbør, tiltak mot havureining og mot spreiding av giftstoff, og tiltak for å verne truga arter.

I gjennomføringa av avtalen med Det europeiske økonomiske fellesskapet er dei gjensidige tollreduksjonane pr. 1. januar kome opp i 80 prosent for hovudtyngda av industrivarer. Dei gjensidige tollreduksjonane for varer under avtala med Det europeiske kol- og stålfellesskapet har same omfang. Tollen vil bli endeleg avvikla 1. juli 1977.

Det nære samarbeidet held fram innanfor EFTA. Medlemslanda drøftar om det vil vere

mogeleg å utvide samarbeidet til økonomiske problem av sams interesse. Noreg har stelt seg positivt til eit framlegg som Austerrrike sette fram under EFTA's Ministerrådsmøte i juni 1976 om eit møte innanfor EFTA med deltaking av statsministrane, utanriksministrane og handelsministrane frå EFTA-landa. Eit slikt møte vil gi høve til å utveksle idear på ein uformell måte om den vidare utviklinga i samarbeidet innanfor EFTA og mellom EFTA-landa og Det europeiske økonomiske fellesskapet og andre land.

Arbeidet med å utvikle samarbeidet mellom dei nordiske landa held fram. Ein nordisk investeringsbank er skipa for å styrkje den industrielle utviklinga i dei nordiske landa.

Noreg held fram med å gjennomføre det økonomiske samarbeidet med Portugal for å stø opp om ei demokratisk utvikling i landet. Norske hjelpetiltak har hittil vore konsentrerte innanfor fiskeri, skogbruk og bustadbygging, men er etter kvart utvida til å femne om samarbeidsprosjekt innanfor jordbruk, turisme, industri, undervisning, offentleg administrasjon og økonomisk planlegging. Dessutan er Noreg med og planlegg ymse hjelpeprogram til beste for Portugal innanfor ramma av m.a. EFTA, OECD og Europarådet. Innanfor EFTA er det skipa eit industrialiseringsfond for Portugal på 550 mill. kroner, og landet har òg fått visse tollkonsesjonar.

I Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling legg Noreg særleg vekt på å leggje til rette tiltak som kan løyse sysselsetjingsproblema i industrilanda, og styrkje økonomien til utviklingslanda. OECD-landa har utarbeidd retningslinjer for verksemda til multinasjonale selskap.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale skipsfartssamarbeidet innanfor ramma av OECD, UNCTAD og IMCO.

Noreg har auka informasjonsinnsatsen i utlandet, og har gått inn for å styrkje det mellomfolkelege, vitskaplege og kulturelle samarbeidet. Noreg er representert i UNESCO's eksekutivråd i perioden 1975—78. Det er underteikna kulturavtaler med Ungarn og Hellas.

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinjene som er fastlagde for perioden 1974—1978. Arbeidet med å gjennomføre jargarflyprogrammet held fram, og dei første avtalene om leveransar frå norsk industri er alt inngått. Forsvarskommisjonen av 1974 har halde fram med arbeidet sitt med sikte på å leggje fram tilrådinga i 1977.

Det intensiverte arbeidet med å styrkje politiet, m. a. med utstyr og bemanning held fram.

Den lokale statlege administrasjonen på Svalbard er framleis under oppbygging. Frå mai har sysselmanen kunna disponere

eit helikopter som m. a. gjer det mogeleg å føre ein langt meir effektiv kontroll på øygruppa enn tidlegare. Oppføringa av eit statleg administrasjonsbygg i Longyearbyen er byrja i august.

Folkemengda var 4 031 000 pr. 1. oktober 1976, dvs 0,4 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden var i dei første åtte månadene av året sett under eitt monaleg slappare enn tidlegare i 1970-åra. Den registrerte arbeidsløysa var høgare enn vanleg. Men omfanget av driftsinnskrenkingar var lågare enn i fjor, og talet på registrerte ledige plassar ved arbeidsformidlinga har i dei siste månadene vore noko høgare enn på same tid i fjor.

I perioden januar—august var det gjennomsnittleg 20 500 registrerte arbeidslause, eller 3 900 fleire enn i same tidsrom 1975. Ved arbeidskontora vart det i månadene januar—juli registrert ein tilgang på 149 100 ledige plassar, mot 137 100 i januar—juli i fjor. Ved utgangen av august vart det registrert 11 300 fleire arbeidslause enn det var ledige plassar, mot 11 800 på same tid i 1975.

Omfanget av driftsinnskrenkingar registrerte i Arbeidsdirektoratet var i månadene januar—august mykje lågare enn i 1975, da det var særst høgt. I dei første åtte månadene av 1976 vart 218 verksemder og 8 680 personar råka av driftsinnskrenkingar, mot 406 verksemder og 21 300 personar i same periode i fjor.

Etter som arbeidsløysa auka utover i 1975, vart svært omfattande selektive tiltak sette i verk for å halde sysselsetjinga oppe. For det første freista ein å halde dei sysselsette i vanleg verksemd så lenge som mogeleg. Først når dette ikkje lenger var mogeleg, vart ekstraordinære sysselsetjings- og opplæringstiltak sette inn.

Til no er det i 1975 og 1976 løyvd 370 mill. kroner i likviditetslån til verksemder i industri, 50 mill. kroner i rentestønad ved produksjon for lager og 100 mill. kroner i driftstilskott. Av likviditetslån var det pr. 20. juli i år løyvd om lag 300 mill. kroner til i alt 535 verksemder med ei samla sysselsetjing på om lag 46 000 personar. Rentestønaden galdt verksemder med 10—15 000 sysselsette og ordninga med driftstilskott omfatta verksemder som sysselsette om lag 47 000. Til ekstraordinære sysselsetjingstiltak og opplæringstiltak vart det sesongen 1975—76 løyvd 666 mill. kroner. I 1. kvartal 1976 var det sysselsett gjennomsnittleg 14 000 personar ved slike tiltak. Det vart i 1. halvår 1976 utbetalt i alt 187 mill. kroner i arbeidsløysesevnad. Utbetalinga galdt til saman 45 300 stønadstilfelle, mot 36 800 tilfelle i 1. halvår 1975.

Til dei tiltaka som her er nemnde, vart det saman med attføringstiltak og arbeidsformidling for året 1975—76 løyvd i alt nær 1,9 milliardar kroner, mot nær 700 mill. kroner i 1974—75 og vel 400 mill. kroner i 1973—74.

Situasjonen for somme innvandrargrupper er framleis vanskeleg. Den mellombels innvandringsstoppen er derfor lengd inntil vidare. Ei rekkje tiltak for å betre tilhøva for innvandarane er sett i verk. Blant anna er det skipa eit statleg selskap som skal arbeide med å løyse bustadproblema.

I dei første 8 månadene av 1976 fekk 8 248 utlendingar første gongs opphaldsløyve her i landet. Av dei fekk 3 961 arbeidsløyve. Tilsvarende tal for 1975 var 8 328 opphaldsløyve og 4 737 arbeidsløyve.

Staten overtok det lokale arbeidstilsynet i Bergen, Hordaland og delar av Sogn og Fjordane med verknad frå 1. juni og i Buskerud frå 1. oktober.

Reglane i aksjelova om representasjonsrett for dei tilsette i dei styrande organa i aksjeselskap gjeld frå 1. januar for alle næringar med visse mindre unntak.

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tjenester vil auke med 5,9 prosent frå 1975 til 1976. Dette er ei monaleg sterkare stigning enn året før, da produksjonen auka med berre 3,3 prosent. Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m. m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med 4,7 prosent, mot 2,2 prosent frå 1974 til 1975. Ein reknar med at utvinninga av råolje i Nordsjøen i 1976 vil bli om lag dobbelt så høg som i 1975.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei åtte første månadene av 1976 var 32,9 milliardar kroner, eller om lag 4,5 milliardar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 26,0 milliardar kroner, eller om lag 4,3 milliardar kroner større enn i januar—august 1975. Av utførsla i dei første åtte månadene i år utgjorde råoljen 4,1 milliardar kroner, mot vel 1,1 milliardar kroner i same periode i fjor.

Utanom skip auka innførsla med 6,7 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 31,8 prosent frå januar—juni i fjor til same tidsrom i år. Utanom skip, oljeplattformer og råolje steig utførsla med om lag 15 prosent. Prisane på innførte varer steig i same perioden med 5,6 prosent. For utførte varer gjekk prisane ned med 2,0 prosent.

I dei sju første månadene av året var nettofraktene frå norske skip i utenriksfart 15 mill. kroner høgare enn i same perioden i fjor. Det var i januar—juli i år eit underskott

på driftsrekneskapen med utlandet på 9 820 mill. kroner, mot 8 750 mill. kroner i dei sju første månadene av 1975. Underskottet på driftsrekneskapen i januar—juli 1976 vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 9 243 mill. kroner og ein netto inngang av kortsiktig kapital på 577 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkåra somaren 1976 svært skiftande. Sør- og Austlandet fekk store tørkeskadar, medan veksten i resten av landet var god. Alt i alt reknar ein med litt under middels avlingar i jord- og hagebruket. For husdyrprodukta reknar ein med ein viss auke i mjølkeproduksjonen, og truleg ein nedgang i slaktetilgangen i høve til 1975.

I skogbruket vart det avverka 9,0 mill. m³ til sal i driftsåret 1974—75. Det vart i tillegg avverka vel 0,7 mill. m³ til bruk på gardane. Avverkinga i driftsåret 1975—76 har vore noko mindre enn året før.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår om lag 1,7 mill. tonn, mot om lag 1,1 mill. tonn i same perioden i 1975. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 1 409 mill. kroner, som er om lag 576 mill. kroner meir enn i same tidsrom i fjor. Auken i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit mykje betre utbyte enn i same perioden i 1975. Også skrei- og vårtorskafisket gav større utbyte enn året før. Den sterke auken i verdi kjem òg av at førstehandsprisane til fiskar var høgare enn året før. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk sterkt opp frå 1 279 mill. kroner i 1. halvår 1975, til 1 846 mill. kroner i 1. halvår 1976.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene vel 6 prosent større enn i same perioden i 1975. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 59 prosent (medrekna oljeutvinning) og for industri ein nedgang på knapt 1 prosent og for kraftforsyning ein auke på 7 prosent i høve til januar—juli i fjor.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1975 var det ein auke i eksportvareproduksjonen på 7 prosent og i konsumvareproduksjonen på knapt 2 prosent. Produksjonen av investeringsvarer gjekk ned med vel 2 prosent, varer til bygg og anlegg ned med 1 prosent, medan produksjonen av vareinnsatsvarer elles auka med knapt 2 prosent.

Frå utgangen av juni 1975 til utgangen av juni 1976 var lagra av eigne produkt i bergverk og industri om lag uendra, medan lagra av eksportvarer gjekk ned med 8 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1975 var 77,6 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1976 var produksjonen om lag 48,1

milliardar kWh, mot 44,5 milliardar kWh i same tidsrom i fjor. Magasinfyllinga er i haust om lag som på same tid i fjor.

Byggjeverksemda har hatt mindre omfang i år enn i fjor. Ved månadsskiftet august—september var arealet under arbeid om lag 1 prosent mindre enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar—august var vel 6 prosent mindre og areal som var teke i bruk, om lag 4 prosent mindre enn i same perioden i 1975.

I dei åtte første månadene av 1976 vart det sett i arbeid 25 582 og fullført 27 404 bustader. Pr. 31. august var det i arbeid 36 009 bustader. Samanlikna med 1975 er dette ein nedgang på 10 prosent for bustader som vart sette i arbeid, medan talet på fullførte bustader auka med vel 2 prosent. Talet på bustader under arbeid gjekk ned med 10 prosent.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei åtte første månadene vore ein nedgang på vel 3 prosent for igangsett areal og 14 prosent for fullført areal, medan det har vore ein auke på om lag 4 prosent for areal i arbeid.

Handelsflåten auka med 967 000 bruttotonn i 1. halvår, og var på 26,3 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen auka i 1. halvår med 889 000 tonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 4,8 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 3,8 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,6 mill. bruttotonn, eller 0,5 mill. bruttotonn mindre enn på same tid i fjor.

Fraktratene på verdsmarknaden, som fall sterkt frå 1. halvår 1974 til 1. halvår 1975, ligg framleis på eit svært lågt nivå. For tankskip har stoda betra seg noko i 1. halvår 1976, men ratene må likevel seiast å vere svært låge. Ved utgangen av august i år låg 79 skip på til saman 5,4 mill. bruttotonn, eller om lag ein femtedel av heile den norske handelstonnasjen, i opplag. Ved utgangen av august i fjor var opplaget om lag ein fjerdedel av handelstonnasjen.

For å sikre verdfull norsk tonnasje, er det gjennom Norsk garantiinstitutt for skip og borefartøy gitt garantier for 2,2 milliardar kroner.

I 1974 auka personførsla på jernbanen sterkt medan personførsla på dei andre transportmidla var prega av stagnasjon. I 1975 har utviklinga vore meir i samsvar med den før 1974, med sterkare vekst i veg- og flytrafikken enn i jernbanetrafikken. Auken i vegtrafikken har vore særleg stor.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1975 på 77 100 km. Dette er 1 200 km meir enn året før. Om lag 34 500 km offentleg veg har fast dekke medrekna oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 94 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn, og på 6,5 prosent av riksvegane er 10 tonn akseltrykk tillate. Nye ferjer og ferjesamband og forsterking av bruar på hovudrutene har medverka til å knyte vegnettet betre saman. Drammensbrua vart opna for trafikk i 1975. Av andre bruar som er fullførte i 1975 og 1976, kan nemnast Kroppanbrua på E 6 i Sør-Trøndelag, Kjellingstraumbrua i Nordland, Herøybrua i Møre og Romsdal og Selbjørnbrua i Hordaland.

Ved utgangen av 1975 var talet på registrerte bilar i Noreg 1,1 millionar, 5,5 prosent fleir enn året før. Bilparken har auka med nær ein tredjedel sidan 1970. Biltettleiken er framleis størst i fylka på Austlandet, men han jamnar seg stadig ut landsdelane imellom. Summen av registrerte køyretøy passerte i 1975 1,5 millionar.

Vegtrafikken auka sterkt i åra før 1974. I 1974 var auken berre 2,5 prosent. I 1975 auka vegtrafikken med ca. 10 prosent, slik at gjennomsnittleg auke for 1974 og 1975 er om lag den same som i åra før 1974.

Talet på drepne og skadde menneske i trafikken auka sterkt opp til 1970. I perioden 1970—75 har tala for drepne og skadde stabilisert seg trass i stigninga i bilparken og trafikkmengda. Talet på drepne 1975 låg noko over gjennomsnittet for 5-års-perioden.

Den samla rutelengda i ferjesambanda i 1975 var på 2 502 km fordelt på 171 samband. Dei vart trafikkerte av 258 ferjer med til saman 6 144 personbilplassar. Kapasiteten auka med 457 personbilplassar frå 1974. Det vart frakta 12,4 prosent fleire bilar og 7,2 prosent fleire personar i 1975 enn året før.

Ved utgangen av 1975 trafikkerte 23 snøggåtar norskekysten. Heller ikkje i fjor var det vesentlege endringar i rutene til sjøs. Sjøtransporten er den viktigaste transportmåten for gods. Undersøkingar som Statistisk Sentralbyrå har gjort i 1975, vil truleg vise at sjøtransporten har over 60 prosent av det innanlandske transportarbeidet.

Talet på passasjerar som reiste med Noregs Statsbaner var i 1975 33,5 mill., og det er 2,5 prosent høgare enn førre året. Auken har vore sterkast for dei kortaste og lengste reisene. For dei kortaste har auken samanheng med innsetjing av nytt materiell på nokre pendlarstrekningar og betre månadskorttilbod for mange reisande. Godstransportarbeidet på jernbanen (utanom malm på Ofotbanen) gjekk ned med 2,2 prosent i 1975. Malmtrans-

portane på Ofofbanen gjekk tilbake med 31,1 prosent. Den viktigste årsaka var svake konjunkturar.

Kapasiteten på dei innanlandske flyrutene auka med 6,7 prosent i 1975. Talet på passasjerar på dei internasjonale rutene steig med 5,1 prosent medan auken innanlands var 4,7 prosent. På dei innanlandske flyrutene har trafikkauken på kortbaneflyplassane vore særleg sterk.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1975 35 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. 90 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefonsentralar. Av den samla innanlandske rikstelefontrafikken vart 75 prosent avvikla automatisk i 1975. I fjor vart dei første data-maskinstyrte sentralane tekne i bruk. Det var ein auke på 32 600 hovedabonnentar og 51 900 apparat. Ventelista ved utgangen av 1975 var på ca. 36 700 telefontingrar. Det har vore ein auke i alle trafikkgreiner i Televerket i 1975, bortsett frå telegramtrafikken, som går ned frå år til år.

Trafikken ved Postverket stig framleis. Ved utgangen av 1975 var det i drift 3 051 faste poststader, ein nedgang på 67 frå førre året. Gjennom utviding av landpostrutenettet har ein gitt posteneste til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 9,7 prosent høgare enn i tilsvarende periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 5,6 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 8,0 prosent høgare enn i tilsvarende periode året før.

Dei private inntektene har auka noko mindre frå 1975 til 1976 enn frå 1974 til 1975. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket steig etter måten sterkt frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år, og for 1976 under eitt reknar ein med ei stigning frå året før på 5,8 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med 7,3 prosent frå 1975 til 1976. Held ein investeringane i sjøfart og i oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med ein vekst på om lag 6,5 prosent. Frå 1974 til 1975 steig bruttoinvesteringane i alt med 11,5 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. steig med vel 7 prosent.

Kredittpolitikken for 1976 tok sikte på ein noko mindre auke i den innanlandske kreditttilførselen til næringslivet, kommunar og privatpersonar enn i 1975. Samstundes reknar ein med at kapitaltilførselen frå utlandet skulle bli noko lågare enn året

før. Rammene for kreditttilførselen har seinare vorte utvida. Ein reknar nå med at dei samla utlåna frå forretnings- og sparebankane vil bli omlag like høge som i 1975, og at den utanlandske kreditttilførselen truleg vil nå opp i vel 13 milliardar kroner, dvs. monaleg meir enn i 1975.

Med grunnlag i fullmakter som Stortinget har gitt, er det i 1975 og fram til utgangen av september 1976 teke opp nye statslån i utlandet for 8500 mill. kroner. Det står att lånefullmakt for 300 mill. kroner. Med grunnlag i stortingsvedtak, er det gitt statsgaranti for andre norske låneopptak i utlandet for 1400 mill. kroner.

Likviditeten i bankane var rommeleg i dei første månadene av året, men den har sidan vorte gradvis tilstramma, både ved innføring av primærreservekrav og ved at den letten i plasseringsplikta for bankane som vart gitt i 1975, delvis er oppheva. Tilstrammainga må dels sjåast i samanheng med konjunkturoppgangen, dels med at ein ventar sterk likviditetstilførsel ved statens transaksjonar i 1976. Utan særlege tiltak ville dette setje bankane i stand til å auke utlåna i andre halvåret langt sterkare enn føresetnaden. Frå 6. oktober 1975 vart Noregs Banks diskonto redusert frå 5,5 til 5 prosent. Han vart 6. september i år heva til 6 prosent.

Finanspolitikken førte i første halvår 1976 til om lag same netto inndraging av likvidar frå publikum som i første halvår 1975, men monaleg mindre enn i 1973 og 1974.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 19 prosent frå første halvår 1975 til første halvår 1976, medan overføringane auka med nesten 22 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånetransaksjonar var i første halvår 1976 25,6 milliardar kroner. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trykkesektoren om lag 10,9 milliardar kroner. Folketrygdfondet med arbeidsmarknadsfondet var ved utgangen av første halvår på 12,9 milliardar kroner.

Aktiviteten i kommunane og fylkeskommunane er framleis høg. Særleg blir det reist sterke krav om utbygging av undervisning, helsestell, eldre- og uføresomsorg, vassforsyning og om bustad- og miljøverntiltak. Dei kommunale budsjetta er framleis stramme og omordninga av fylkeskommunane skaper særskilde overgangsproblem, som monalege overføringar frå statsbudsjettet til skatteutjamning har gjort det mogeleg å løyse.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1975 tilsegn om lån og garantiar for 745 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott på 269 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting og

opplæring med 31,8 mill. kroner. I alt vart det i 1975 gitt tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktsutbyggingsfondet med 1048 mill. kroner mot 933 mill. kroner i 1974. Talet for 1. halvår 1976 var om lag 610 mill. kroner, av dei ca. 186 mill. kroner i investeringstilskott. I 1975 vart det gitt tilsegn om tilskott til særskilde grunnlagsinvesteringar med 60 mill. kroner og 18 mill. kroner til vassverk. I første halvår 1976 er det i same følgd gitt tilsegn om ca. 43 mill. kroner og ca. 16 mill. kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 12 industrivekstanlegg. Ialt var det pr. september 1976 reist 39 bygg med eit samla golvareal på om lag 121 600 m². Dei verksemdene som har flytta inn, hadde om lag 2420 sysselsette (medrekna dei som er sysselsette på dei eigne anlegga til Akergruppa i Verdal).

Reglane for den regionale transportstønadsordninga har vorte noko endra, bl.a. er stønadssatsane heva. Utbetalt stønadssum i 1975 var 23,6 mill. kroner.

Stønadsordninga for daglegvareforretningar i utkantområde tok til å gjelde frå 1. januar 1976. Nærmare 40 prosent av søkjarane kjem frå dei 4 nordlegaste fylka. I samsvar med Stortingets føresetnad om delegering av avgjerdsrett, har Finnmark fylkeskommune alt frå starten fått ansvar for ordninga med investeringsstønad.

For å betre grunnlaget for ei forsvarleg forvaltning av ressursar og naturmiljø, er arbeidet med utvikling av ressursrekneskapen ført vidare.

10 fylkesplanar er mottekne til godkjenning, og det er hittil godkjent 8 planar. Det er kome inn 54 generalplanar, av dei 7 delgeneralplanar. I alt 23 generalplanar, 6 delgeneralplanar og 7 regionplanar er godkjende.

For å skunde på arbeidet med planlegging av område der hyttebygging bør tillatast, er det stilt til rådvelde monalege midlar i planleggingstilskott for kommunane.

Ved lov av 28. mai 1976 vart det gjort endringar i bygningslova som følgje av den nye administrasjonsordninga for fylka.

Kulturminnevernet har hatt framgang også i 1976. Både økonomisk og administrativt er kulturvernsektoren styrkt.

Arbeidet med å gjennomføre tiltak mot ureining frå eldre verksemdar og med sanering av kommunale kloakkutslepp vart sterkt framdrive vinteren 1975–76. Arbeidet blir ført vidare i eit høgt tempo.

Dei som har rettar på kontinentalsokkelen, er i ferd med å byggje opp oljeværet sitt etter pålegg frå styremaktene. Skipinga av 6 statlege utstyrdepoter er i full gang.

Det er skipa Øvre Annarsjokka nasjonalpark og Nordre Øyern naturreservat.

Som ein lekk i avbyråkratiseringsarbeidet er dispensasjonsmyndet etter strandplanlova frå 1. juli 1976 lagt til bygningsråda.

Grunnbeløpet i folketrygda vart frå 1. januar auka frå 11 000 kroner til 11 800 kroner og vidare til 12 100 kroner frå 1. mai. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet for året 1976 utgjer 12 000 kroner. Som følgje av desse tillegga auka også særtillegget. Særtillegget utgjorde frå 1. november 1975 21,5 prosent av grunnbeløpet for ugift pensjonist og for pensjonist med ektefelle som ikkje har pensjon frå folketrygda, og det vart frå 1. mai auka til 25 prosent av grunnbeløpet. For desse pensjonistane utgjer særtillegget no 3 025 kroner for året. For pensjonist med ektefelle som har pensjon, utgjorde særtillegget 20,25 prosent av grunnbeløpet frå 1. november 1975 og vart auka frå 1. mai til 24 prosent av grunnbeløpet.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart frå 1. januar auka med 10 prosent.

Pensjonane etter lov om pensjonstrygd for fiskarar vart frå 1. januar auka med vel 20 prosent, og tilskottsordninga vart delvis omlagd.

I lova om Statens pensjonskasse og andre lovfeste tenestepensjonsordningar er det innført like pensjonsrettar for enkjer og enkjemenn.

Ved endringar i ferielova er det innført rett til ei veker ekstra ferie for arbeidstakarar over 60 år.

Arbeidet med å setje i verk helseplanane til fylka er i gang på grunnlag av Stortingets retningslinjer. Helseplanane i 6 fylke er godkjende.

Ved utbygginga av sjukehus og andre helseinstitusjonar har sjukeheimutbygginga framleis prioritet.

Arbeidet med standardheving i institusjonane i det psykiske helsevernet og i helsevernet for psykisk utviklingshemma er i gang. Ein arbeider med å byggje ut og supplere hjelpetiltaka for heimebuande psykisk utviklingshemma og familiane deira. Statens institusjonar under psykisk helsevern blir ombygde og moderniserte.

Det blir arbeidd utan avbrott med å styrkje den offentlege legemiddelkontrollen og for å betre den offentlege informasjonen om legemiddel.

Betringa i tannhelsa hos born og ungdom som er registrert i dei siste åra som eit resultat av eit meir effektivt førebyggjande tannhelsearbeid, ser ut til å halde fram. Dette har blant anna ført til at eit aukande tal småborn no kjem med i organisert offentleg tannrøkt.

Personellsituasjonen i den offentlege legetenesta og tannhelsetenesta er stort sett tilfredsstillande.

Grunnutdanninga for fysioterapeuter er lengd til 2½ år. Statens fysioterapiskole i Bergen tok til med undervisning av 50 studenter i januar.

I samsvar med lov om godkjenning m.m. av helsepersonell, som tok til å gjelde 1. november 1975, er det utarbeidd forskrifter om godkjenning m.m. av ergoterapeuter. Forskriftene gjeld frå 1. januar 1976.

Behandlingsreisene til Jugoslavia for revmatikarar og psoriasis-pasientar har gått føre seg sidan januar. Hittil har ca. 1400 personar vore med på reisene. Det førebels inntrykket av resultatane er at opplegget har vore vellukka.

Det blir arbeidd vidare med å byggje ut helsearbeidet mellom born og gravide.

Arbeidet held fram med kontroll og førebygging av smittsam sjukdom og med å kartleggje ureining i miljøet vårt.

Ved utgangen av 1975 var heimesjukepleie innført i 375 kommunar. Utbygginga held fram. I om lag 3 av 4 kommunar blir alle hjelpeordningane til heimane administrerte under heimesjukepleieverksemda.

Arbeidet held fram med å vurdere organisasjons- og bemanningsforhold for sjukepleietenesta i institusjon og i førebyggjande helsearbeid. Det er utarbeidd og teke i bruk retningslinjer, og dei verkar føremålstenlege ut frå omsynet til ressursar og kvalitet.

Det vart i 1975 uteksaminert 1449 sjukepleiarar, 58 vernepleiarar og 2324 hjelpepleiarar.

Ved utgangen av 1974 var det 9207 born under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av desse borna var 5394 under omsorg, 2913 i fosterheimar og resten i institusjonar.

Arbeidet med å utvikle fosterheimarbeidet held fram. Det er no oppretta fosterheimsentralar i 11 fylke. Det er gitt tilskott til å etablere fosterheimsentralar i Troms og Finnmark.

Innsatsen i det førebyggjande barne- og ungdomsvernet aukar. Dette gjeld både informasjonsarbeidet, bl.a. den faglege hjelpa til kommunane, og auka stimuleringsstilskott, særleg med sikte på etablering og utvikling av det førebyggjande fritidstilbodet i kommunal regi.

Frå 1974 til 1975 har det vore ei stigning i det registrerte alkoholkonsumet med 1,9 prosent. Holdningskampanjen mot alkohol og andre rusgifter i regi av Statens edruskapsdirektorat vil halde fram som ein del av det ordinære opplysningsarbeidet på dette feltet.

Utbygginga av alkoholistsorga held fram med hjelp av store statstilskott. Pr. 1. juli disponerte ein over 2279 behandlingsplassar.

Fleire nye verneheimar kan snart takast i bruk, men det blir i dag satsa mest på å byggje ut den opne omsorga ved bl.a. avrusingsstasjonar, klinikkar og hybelbygg.

Rettleiingstenesta for dei kommunale sosialkontora er no utbygd slik at det er oppretta stillingar som fylkeskonsulent for sosial omsorg i alle 18 fylka.

Generelt har det vore ei positiv utvikling i eldreomsorga, med ei aukande prioritering av særskilde tiltak for eldre. Dei eldre, 67 år og over, utgjer ca. 11,7 prosent av folket, og prosenttalet vil venteleg auke i åra framover.

Det er gitt høve til å yte lån gjennom Den norske stats husbank til å finansiere utbetring og modernisering av aldersheimar.

Ordninga med telefонтilskott for eldre og uføre fungerer etter føremålet, og medverkar til at mange eldre kan bli buande lenger i sine eigne heimar.

Hjelpeordninga for heimane var i 1975 innført i nesten alle kommunar. Det var gitt tilskott på i alt 98,5 mill. kroner til ca. 6 000 årsverk. Etter eit førebels overslag fekk vel 111 000 heimar hjelp. Dette er om lag 3 000 fleire enn året før. Totalt arbeide vel 31 000 personar innanfor hjelpeordningane.

I 1975 vart det utbetalt ca. 9 mill. kroner i tilskott til kommunal landbruksvikarverksemd. I alt fekk 340 kommunar tilskott. Det var 5 fleire enn året før. For utbetalingar i 1976 er maksimalgrensa for tilskott auka frå 80 kroner til 120 kroner pr. bruk over 5 dekar i kommunane.

I fjor nytta knapt 73 000 brukarar seg av ferieordninga for jordbruket. Det tilsvarer 93 prosent av alle som hadde rett til tilskott. For 1975 vart tilskottet auka frå 100 kroner til 120 kroner pr. dag, og det vart maksimalt gitt tilskott for 12 døgn. Det vart i alt utbetalt omkring 88 mill. kroner i ferietilskott mot ca. 75 mill. kroner året før.

Ved utgangen av 1975 var det ca. 33 000 barnehageplassar i drift. Dette er ein auke på om lag 6 500 plassar i 1975. For 1976 vart driftstilskottet auka, slik at statens samla tilskott til drift i år vil utgjere ca. 20 prosent av dei totale driftsutgiftene, medan det for 1975 utgjorde omkring 15 prosent.

FN's internasjonale kvinneår 1975 vart gitt ei løyving på 500 000 kroner. Det vart skipa ein eigen hovudkomité og eit arbeidsutval.

Forskrifter om merking av ferdigpakka næringsmiddel tok til å gjelde 1. juli. Arbeidet med gjennomføring, kontroll m.m. er i gang.

Utbygginga av det lokale forbrukarapparatet med eitt forbrukar- og heimstellkontor i kvart fylke tok til i 1973. Pr. 1. september var 15 lokalkontor i drift. Det er 2 fleire enn for eitt år sidan.

Forbrukarombudsmannen har ein aukande pågang av saker. Det vart i alt registrert 2 144 nye saker i 1975. Talet er 25 prosent høgare enn i 1974. Forbrukarombudsmannen skal leggja vekt på å informere om marknadslova. Denne informasjonen til næringsdrivande vart mykje betra i 1975 ved utgivinga av bladet «Forbrukarombudsmannen».

Det nye lønssystemet i staten er no gjennomført, og saman med ei utvikling av statistikken er det lagt eit grunnlag for moderne lønns- og personalarbeid.

Tariffrevisjonane i år for dei statstilsette vart basert på dei same prinsippa om auke i den disponible realinntekta og reduksjon av arbeidstida som i det private arbeidslivet.

Arbeidet med personalpolitiske retningsliner er byrja. I første rekkje har ein teke for seg problema med sysselsetjing av yrkeshemma.

Det er i 1976 avvikla ei rekkje lokale personalforvaltningskurs.

Som ein lekk i arbeidet med avbyråkratisering har regjeringa lagt vekt på å utvikle ein betre offentleg informasjon. Tiltaka går blant anna ut på å forenkle forvaltningspråket, dyktiggjere informasjonsmedarbeidarar og gjennomføre tiltak så ein lettare kan spreie informasjon i lokalsamfunnet.

Dei pressetiltaka som er gjennomførte, har hjelpt til å motverke pressedøden. Tiltaka har òg ført til at ein meir enn før har kunna gå ut gjennom pressa med informasjon om forvaltninga og dei rettar og plikter den einskilde har.

Utgiftene til kulturformål på stats- og kommunebudsjettet i 1976 er om lag 13,3 milliardar kroner.

I kyrkja er det 1 082 prestar forutan feltprestane. Det er framleis få søkjarar til prestestillingar, enda om tilgangen på teologar har betra seg noko. Talet på kateketstillingar er komme opp i 43. Det er siste året gitt løyve til oppføring av 7 soknekyrkjer. I tillegg til dette kjem kapell og fjellkyrkjer og andre bygg som blir vigsla til kyrkjeleg bruk.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1975—76 er om lag 820 000. I skoleåret 1976—77 har grunnskolen om lag 595 000 elevar. Av desse går nær 3 000 i private skolar.

Grunnskolelova vart endra med verknad frå 1. januar, slik at det no er ei sams lov for alle som får obligatorisk opplæring. Lova legg tilhøva til rette slik at elevar med funksjonshemmingar kan gå i den vanlege grunnskolen på heimstaden, dersom dette er betre for dei. Berre i liten mon er det til no ført over elevar frå spesialskolane til dei ordinære grunnskolorane.

Talet på skolar som femner om alle ni års-

kull har auka, og det går føre seg ei desentralisert skoleutbygging. Dette har m.a. ført til at talet på internatelevar er redusert.

Ein er i ferd med å byggje skolar for sørsamar i Snåsa og Hattfjelldal. Staten har teke over grunnskolen på Svalbard frå 1. august.

I skoleåret 1976—77 er det i kommunale og fylkeskommunale vidaregåande skolar om lag 126 000 heilårselevar.

Lov av 21. juni 1974 om vidaregåande opplæring vart sett i kraft frå 1. januar for alle fylkeskommunale vidaregåande skolar.

I St. meld. nr. 44 for 1974—75 om vidaregåande opplæring, vart mellom anna prinsippa for eit sams læreplanverk for vidaregåande skolar lagde fram for Stortinget. Det ligg no føre godkjend læreplan med revidert fagplanar for ein del fag. Dei vart tekne i bruk frå skoleåret 1976—77. For ein del fag blir dei fagplanane som var godkjende før lovendringa, framleis nytta saman med den generelle delen av den nye læreplanen.

Talet på studentar i høgare utdanning er i haust om lag 63 500. Av dei går 11 200 studentar i pedagogiske høgskolar, 4 500 i ingeniørutdanning ved tekniske skolar og 4 500 i distriktshøgskolar.

Det er oppnemnt regionale høgskolestyre for alle regionar med unntak av Oslo/Akershusregionen, der ein vurderer den praktiske løysinga på styringsproblema. Dei regionale høgskolestyra har førebels driftsansvar for distriktshøgskolorane, men er i gang med å planleggje den vidare utbygging av høgare utdanning i regionane.

Ved dei pedagogiske høgskolorane vart det våren 1976 uteksaminert 2 000 allmennlærarar, 960 førskolelærarar og 350 faglærarar. 2 600 lærarar tok 1-årig vidareutdanning som fulltidsstudentar og ca. 1 800 tok 1/2-årig vidareutdanning som deltidsstudentar. Det er teke i bruk nybygg for dei 2 pedagogiske høgskolorane i Notodden.

Utanom dei 7 distriktshøgskolorane som var i drift i undervisningsåret 1975—76, er det i haust sett i gang undervisning ved distriktshøgskole i Alta. Ved dei andre distriktshøgskolorane har studenttalet auka med i alt 300.

Ved universiteta og dei vitskaplege høgskolorane er det i haust eit studenttal på om lag 41 400. Talet på norske studentar i utlandet går ned, og er no om lag 2 500. Ved Universitetet i Oslo har studenttalet stabilisert seg på om lag 20 000. I Bergen er det sett i gang utdanning av tannpleiarar. I Trondheim og Tromsø er det teke opp nye årskull til medisinastudiet. Arbeid med reising av nybygg ved universiteta i Bergen, Oslo og Trondheim held fram, og arbeidet på dei nye universitetsområda i Trondheim og Tromsø har teke til.

1976. 2. okt. — Åpning av det 121. ordentlige Storting

Sosialpedagogiske tiltak for alle elevar og spesialundervisning for funksjonshemma elevar er styrkte i den vidaregåande skolen.

Lærlinglova gjeld i 148 kommunar. I industrifag vart det utferda 3 523 fagbrev i 1975 mot 3 223 året før. I handverksfag var talet på fag- og sveinebrev 1 515 i 1975 mot 1 595 i 1974.

Tilskottet til verksemder som tek inn lærlingar, vart auka monaleg i 1975 i samband med tilleggsløyving for å motverke arbeidsløyse mellom ungdomar.

Reising av nye undervisningsbygg held fram. Ved utgangen av juli månad var det om lag 480 000 m² skolebygg i arbeid. Til nybygg for yrkesliner i den vidaregåande opplæringa er det gitt omframt statstilskott.

Yrkesopplæring for vaksne som ledd i arbeidsmarknadspolitikken er ført vidare.

Opplysningsorganisasjonane har det siste året hatt om lag 515 000 deltakarar i ulike opplærings- og studietiltak som er gjennomførte med stønad frå det offentlege.

Stortinget vedtok i mai lov om vaksenopplæring. Vaksenopplæringa i skoleverket, grunnskolen og den vidaregåande skolen, har hatt om lag 16 500 deltakarar det siste skoleåret. Det er da ikkje rekna med alle dei som tek del i etterutdanningskurs i dei vidaregåande skolane.

Som tidlegare har det vore lagt vekt på å stø opp under tilbod om utdanning for vaksne som har særlege behov, mellom dei sigøynarar og innvandrarar.

Pr. 30. juni har 1 288 340 løyst radiolisens og 1 058 476 fjernsynslisens, av desse galdt 248 142 fargefjernsyn. I tillegg kjem 26 044 frilisensar for radio.

Ved inngangen til 1976 vart det gitt stipend til 352 kunstnarar over statsbudsjettet. Blant dei er 25 livsvarige kunstnarløner, 110 treårige arbeidsstipend à 28 000 kroner og 149 stipend til eldre, fortente kunstnarar.

Dei statsstødde teatra gav i 1975 om lag 4 700 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1,3 mill. Kinoane i Noreg hadde i 1975 eit besøk på 18,5 mill. Norske musé hadde i 1975 eit samla besøk på om lag 3 mill.

Samla utlån i folkebiblioteka, fylkesbiblioteka og skolebiblioteka var i 1975 20,8 mill. band.

I 1975 vart det teke i bruk om lag 15 nye samfunnshus, 17 idrettshaller, 30 symjehaller og ei rad utandørs idrettsanlegg med stønad frå tippemidlane. Den delen av tippeoverskottet som fall på idretten, var 66,6 mill. kroner.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 121. ordentlige Storting, som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det fjerde og siste i denne valgperiode.

Trontalen gir bud om de mange og viktige saker som vil bli forelagt Stortinget. I tillegg til de nye saker er det 55 saker fra det forrige Storting som skal behandles. Alt fra sesjonens begynnelse vil den store arbeidsmengde kreve en sterk innsats av representantene.

Årets trontale markerer på mange måter gjennom sin utvelgelse av saker det forhold at samfunnsutviklingen har skapt nye saksområder og nye problemstillinger som må løses gjennom politisk innsats. Det gjelder både Norges deltakelse i det internasjonale samliv og i enda høyere grad på det innenrikspolitiske felt.

En sak av stor rekkevidde og med historisk betydning er lovforslaget om opprettelse av en 200 miles økonomisk sone i våre havområder. Denne sak vil kreve utforming av avtaler mellom Norge og en rekke andre land og må skje under hensyntaken til vår gamle prinsipielle holdning når et gjelder internasjonal folkerett. Arbeidet med en omfattende havrettskonvensjon gjennom FNs konferanse vil fortsatt ha Stortingets støtte.

Utenrikspolitisk er det i høy grad behov for innsats for avspenning og for fredelig løsning av de mange konflikter som fremdeles preger vår verden. Regjeringen vil kunne påregne Stortingets støtte i dette arbeidet.

Under behandlingen av saken vil representantene vurdere løsningen av dem forskjellig, og det vil være delte meninger om sakenes betydning og prioritering. Felles for oss alle må imidlertid være at vi må finne fram til beslutninger og ha vilje til å respektere de beslutninger som blir tatt.

Stortingets representanter har en ansvarsfull gjerning å gjøre, og vi deler Deres Majestets ønske om at vårt arbeid må bli til gagn for fedrelandet.

I håp om at dette vil skje, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.
